

## Læreplan i vg2 aktivtør

Fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet 11. februar 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Vg2 aktivitør handlar om å utvikle yrkesutøvarar som kan dekkje det behovet samfunnet har for aktivitetstilbod som medverkar til meistring og innhald i livet for ulike brukarar. Programfaga skal bidra til at yrkesutøvarane kan planleggje og leie eigna og målretta aktivitetar som held ved like eller betrar funksjonane til brukarane og gir dei opplevingar av meistring, trivsel og glede. Vidare skal programfaga bidra til at yrkesutøvarane kan ta ansvar for utstyr og ergonomi, økonomiforvaltning og administrative oppgåver. Programfaga skal òg bidra til å utvikle sjølvstendige og omstillingsdyktige aktivitørar som kan tilpasse seg framtidige behov for kompetanse i arbeidslivet.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunlaget for opplæringa. Vg2 aktivitør skal bidra til å sikre likeverdige tenester for alle grupper i samfunnet. Vidare skal programfaga bidra til å motivere og leggje til rette for at menneske som har aktivitetsvanskar, kan vere aktive åleine eller saman med andre. Programfaga skal òg stimulere til eigenaktivitet, læring og utvikling og skape forståing for kor viktig dette er for menneskeverdet.

### Kjerneelement

#### Aktivering og meistring

Kjerneelementet aktivisering og meistring handlar om aktivitetar som fremjar heilskapleg helse og trivsel. Det handlar òg om korleis kroppen er bygd opp og fungerer med utgangspunkt i det friske mennesket. Sentralt er motivering og tilrettelegging for å stimulere brukarar til eigeninnsats. Vidare handlar kjerneelementet om tilrettelegging av varierte aktivitetar for ein aktiv og sunn livsstil som medverkar til meistring og glede for dei ulike brukarane.

#### Aktivitetssleing og administrasjon

Kjerneelementet aktivitetssleing og administrasjon handlar om å planleggje og om å samhandle og rettleie i aktiviseringsprosessar. Vidare handlar det om samspel med brukarar, pårørande og andre aktørar og om å leie aktivitetar for enkeltpersonar og for grupper. Kjerneelementet handlar òg om å forvalte utstyr og økonomi for aktiviseringsarbeidet.

#### Kvalitetssikring, etikk og teknologi

Kjerneelementet kvalitetssikring, etikk og teknologi handlar om korleis aktivitørane møter menneske frå ulike kulturer og i ulike livssituasjonar med toleranse og respekt. Det handlar om kva innverknad sjukdommar har på

aktivitetsnivået til den enkelte og på korleis aktiviteten må leggje til rette aktivitetar. Å kartleggje funksjonsnivået til brukarane og observere kva verknad aktivitetane har, står sentralt. Kjerneelementet handlar vidare om universell utforming og om bruk av hjelpemiddel, velferdsteknologi og annan teknologi i yrkesutøvinga. Etske retningslinjer, lovverk om helse, miljø og sikkerheit og prinsipp for hygiene og smittevern inngår òg.

## **Tverrfaglege tema**

### Folkehelse og livsmeistring

I vg2 aktivitør handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å førebyggje einsemd, og rettleie og motivere brukarar til å vere i aktivitet og ha eit sunt kosthald. Det tverrfaglege temaet handlar òg om å leggje til rette for aktivitetar som medverkar til meistring og innhald i livet.

### Demokrati og medborgarskap

I vg2 aktivitør handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å vise respekt for ulikskapar hos brukarane. Vidare handlar det om brukarmedverknad og medbestemming. Det handlar òg om korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre og inkluderande arbeidsliv.

### Berekraftig utvikling

I vg2 aktivitør handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å gjere miljøbevisste val ved bruk av materiale og andre ressursar. Det handlar òg om korleis forbruk, gjenbruk og aktivitetar påverkar miljøet.

## **Grunnleggjande ferdigheiter**

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg2 aktivitør inneber å lytte til og samtale med brukarar og kollegaer. Det inneber òg å kommunisere munnleg med samarbeidspartnarar og å leie ulike grupper. Det vil òg seie å informere brukarar og kollegaer om aktiviseringsprosessar.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg2 aktivitør inneber å formidle meiningar skriftleg og å skrive vurderingar og dokumentasjon av arbeidsprosessar. Det inneber òg å skrive ulike rapportar, søknader og bestillingar, å bruke eit presist fagspråk og å bruke illustrasjonar, skisseteikningar og symbol.

## Å kunne lese

Å kunne lese i vg2 aktivtør inneber å innhente informasjon om brukarar, å forstå faglitteratur, lovtekstar og plandokument og å finne litteratur som eignar seg til å lese saman med eller for brukarar. Det inneber òg å vurdere kjelder kritisk. Vidare inneber det å forstå symbol, illustrasjonar og kroppsspråk.

## Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg2 aktivtør inneber å setje opp enkle budsjett, føre rekneskap, rekne ut vekt, volum og mengd, kalkulere pris og forstå statistikk og diagram.

## Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg2 aktivtør inneber å kommunisere, å formidle og innhente informasjon og å dokumentere eige arbeid. Det inneber òg å bruke digitale ressursar i aktiviseringsarbeidet. Vidare inneber det å bruke digital dømmekraft, følgje reglar for personvern og vise nettvett.

# Kompetansemål og vurdering

## Kompetansemål og vurdering administrasjon

### Kompetansemål etter administrasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere aktiviseringsprosessar tilpassa ulike brukarar frå ulike kulturar og brukargrupper
- setje mål for aktiviseringsarbeidet
- drøfte kva frivillig arbeid har å seie og korleis frivillige og ulike kulturtilbod kan brukast i aktiviseringsarbeidet
- gjere greie for kva verknad aktivitetar har på den fysiske og mentale helsa til brukarane
- berekne forbruk, setje opp budsjett og føre rekneskap over kostnader knytte til aktiviseringsarbeidet
- reflektere over særpreg og avgrensingar som gjeld aktivtørfaget som helsefag

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i administrasjon når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i administrasjon. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i administrasjon ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i administrasjon basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

## Kompetansemål og vurdering kommunikasjon og samhandling

### Kompetansemål etter kommunikasjon og samhandling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive ulike kommunikasjons- og relasjonsferdigheiter og vise korleis slike ferdigheiter kan fremje tryggleik og tillit
- vise empati og reflektere over eigne haldningar, eiga åtferd og kva det vil seie å vise endringsvilje
- gjere greie for strategiar for konflikthandtering og førebyggje konflikhtar i praksis
- drøfte kva det inneber å ha respekt og toleranse for kulturane og tradisjonane, livssynet og den sosiale statusen til andre menneske
- drøfte verdien av tverrfagleg samarbeid og gi døme på slikt samarbeid
- rettleie brukarar, frivillige og samarbeidspartnarar i ulike aktiviseringstiltak

- presentere eige arbeid, tenester, produkt og produksjonsprosessar ved hjelp av digitale ressursar

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i kommunikasjon og samhandling når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira seg i kommunikasjon og samhandling. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktavurdering

Standpunktavurderinga skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i kommunikasjon og samhandling ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i kommunikasjon og samhandling basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

## Kompetansemål og avurdering yrkesliv i aktivtørfag

### Kompetansemål etter yrkesliv i aktivtørfag

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- innhente informasjon om funksjonsnivået til brukarar og vurdere og grunngi valet av aktivitetar
- bruke og vurdere fargar og formelement i arbeidet med å skape ulike produkt
- vurdere kva slags hjelpemiddel, digitale ressursar og teknologi som kan brukast til ulike aktivitetar
- gjere greie for kva kosthald, fysisk aktivitet og hygiene har å seie for helsa til brukarane
- reflektere over korleis ein kan vareta miljøet ved bruk av materiale og andre ressursar

- utføre grunnleggjande førstehjelp
- gjere greie for grunnleggjande prinsipp for hygiene og smittevern
- gjere greie for retningslinjer for yrkesetikk, personvern og helse, miljø og sikkerheit og drøfte kva dette inneber for yrkesutøvinga
- drøfte kva som kjenneteiknar eit godt arbeidsmiljø og gode arbeidsvilkår i aktivtørfaget
- følgje opp eigne rettar og plikter i arbeidsforholdet og gjere greie for korleis partane i arbeidslivet utfører samfunnsrolla si i den norske modellen

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i yrkesliv i aktivtørfag når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i yrkesliv i aktivtørfag. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i yrkesliv i aktivtørfag ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistarar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i yrkesliv i aktivtørfag basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

# Vurderingsordning

## Standpunktvurdering

Administrasjon: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Kommunikasjon og samhandling: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Yrkesliv i aktivitørfag: Eleven skal ha éin standpunktarakter.

## **Eksamen for elever**

Administrasjon, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i aktivitørfaget: Eleven skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingdel.

## **Eksamen for privatistar**

Administrasjon: Privatisten skal opp til éin skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingdel ved lokalt gitt eksamen.

Kommunikasjon og samhandling: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingdel ved lokalt gitt eksamen.

Yrkesliv i aktivitørfag: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingdel ved lokalt gitt eksamen.

Administrasjon, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i aktivitørfag: Privatisten skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingdel ved lokalt gitt eksamen.